



DEN NORSKE KYRKJA

Askvoll sokneråd

Møteprotokoll for Askvoll sokneråd

Tid: 19.04.2016 kl. 16:00

Stad: KVAMMEN

Frammøtte:

Jostein Gryte	Leiar
Wenche Ness Gabrielsen	Nestleiar
Halldis Rørvik	Medlem
Aud Eldrid Frøholm	Medlem
Harriett Norstrand	Medlem
Leif Jørgen Leknes	Medlem
Ingvild Loftheim	Medlem
Stein Hugo Fykse	Medlem
Else Stølen	Medlem
Sissel Hege Iglund	Varamedlem

Møtande frå administrasjonen:

Rune Ziener	Kyrkjeverje
-------------	-------------

Andre møtande:

Ragnhild Stav	Trusopplærar
---------------	--------------

Forfall:

Terje Mork	Medlem
Anne Grethe Lien	Medlem
Arne Fedøy	Medlem

Før møtet var det synfaring på kapellet. Synfaringa vart leia av leiar av Kvammen kyrkjelydsutval, Harald Ålen.

Saker handsama på møtet:

Saksnr	Uoff	Tittel	Sakshandsamar
SR 2016/17		Godkjenning av innkalling og dagsorden	RUNE ZIENER
SR 2016/18		Godkjenning av protokoll frå møte i Askvoll sokneråd 01.03.2016	RUNE ZIENER

SR 2016/19		Skriv, meldingar og drøftingar	RUNE ZIENER
SR 2016/20		Supplerande oppnemning av trusopplæringsutval	RUNE ZIENER
FR 2016/21		Lyssetting ved Vilnes kyrkje. Samanlikning og vurdering av tilbod.	RUNE ZIENER
FR 2016/22		Kvammen kapell. Justert teikningsgrunnlag for endring av takkonstruksjon.	RUNE ZIENER
SR 2016/23		Medarbeidarsamling	-

Askvoll, 19.04.2016

Rune Ziener
Referent

SR 2016/17 Godkjenning av innkalling og dagsorden

INNSTILLING

1. Askvoll sokneråd godkjenner innkalling og dagsorden som dei ligg føre.

SAMRØYSTES VEDTAK

1. Askvoll sokneråd godkjenner innkalling og dagsorden som dei ligg føre.

SR 2016/18 Godkjenning av protokoll frå møte i Askvoll sokneråd 01.03.2016

INNSTILLING

1. Askvoll sokneråd godkjenner protokoll frå møte 01.03.2016 som den ligg føre.

SAMRØYSTES VEDTAK

1. Askvoll sokneråd godkjenner protokoll frå møte 01.03.2016 som den ligg føre.

SR 2016/19 Skriv, meldingar og drøftingar

UTGREIING

Følgjande skriv, meldingar og drøftingar vart lagt fram:

- M 2016/14 Askvoll kyrkjelydsutval: Referat frå møte 27.02.2016
- M 2016/15 Vilnes kyrkjelydsutval: Referat frå møte 03.03.2016
- M 2016/16 Vilnes kyrkjelydsutval: Innspel vedr. tilbygg til Vilnes kyrkje 06.03.2016
- M 2016/17 Presentasjon og drøfting v/Ragnhild Stav: Grøn kyrkjelyd
- M 2016/18 Kyrkjelydens årsmøte 2016. Protokoll 10.04.2016
- M 2016/19 Kvammen kyrkjelydsutval: Referat frå møte 07.04.2016 (lagt fram i møtet)

INNSTILLING

1. Askvoll sokneråd tek dei framlagde skriv, meldingar og drøftingane til orientering.

SAMRØYSTES VEDTAK

1. Askvoll sokneråd tek dei framlagde skriv, meldingar og drøftingane til orientering.

SR 2016/20 Supplerande oppnemning av trusopplæringsutval

UTGREIING

I sak SR 2015/56 vart det orretta eit trusopplæringsutval sett saman av tre medlemmer, med sikte på seinare supplering av fleire medlemmer.

Dei som frå før er oppnemnt er:

Harriet Norstrand
Knut Arne Kummeneje
Ragnhild Stav (sekretær)

Stav har spurt nokre aktuelle personar om dei stiller seg villig til å vere med i utvalet. Lista vert lagt fram i møtet.

INNSTILLING

Ingen.

MØTEHANDSAMING

Ragnhild Stav presenterte følgjande kandidatar, som har sagt seg villig til å vere med i trusopplæringsutvalet:

Runhild Øvreås
Sigrid Lunde
Sidsel Anita Igland
Marit Veim Thistel

SAMRØYSTES VEDTAK

1. Askvoll sokneråd supplerer trusopplæringsutvalet med kandidatane Ragnhild Stav sette fram i møtet.

FR 2016/21 Lyssetting ved Vilnes kyrkje. Samanlikning og vurdering av tilbod.

UTGREIING

Utgreiinga er ikkje offentleg.

INNSTILLING

1. Askvoll sokneråd vel tilbodet frå Holmedal Elektriske AS, men inngår drøftingar for justering av endeleg løysing. Ein ser på endeleg plassering av armatur i samband med utviding av parkeringsplassen.
2. Søknad om tiltaket vert oversendt Bjørgvin bispedømmeråd for godkjenning.

MØTEHANDSAMING

Harriett Norstrand erklærte seg ugild i saka grunna slektskap med tilbydar. Soknerådet tok erklæringa til følgje.

SAMRØYSTES VEDTAK

1. Askvoll sokneråd vel tilbodet frå Holmedal Elektriske AS, men inngår drøftingar for justering av endeleg løysing. Ein ser på endeleg plassering av armatur i samband med utviding av parkeringsplassen.
2. Søknad om tiltaket vert oversendt Bjørgvin bispedømmeråd for godkjenning.

FR 2016/22 Kvammen kapell. Justert teikningsgrunnlag for endring av takkonstruksjon.

UTGREIING

Det er planlagt ei ombygging av takkonstruksjonen på Kvammen kapell for å stoppe fuktinntrenging og lekkasjar.

I sak FR 28/15 vedtok Askvoll sokneråd å gå vidare med skisseløysing som er utarbeidd av SWECO AS.

Skisseløysinga som vart oversendt Bjørgvin biskop for godkjenning vart ikkje godkjent i dåverande form p.g.a. estetiske omsyn, og ein er bedt om å justere løysinga.

SWECO AS har justert teikningane (sjå vedlegg), og ein ventar no på godkjenning frå biskopen.

Justeringane frå tidlegare løysingsskisse inneber i hovudsak at ein beheld fasadevindu mot aust, men at desse vert noko redusert i høgde samanlikna med dagens vindu, samt at parapeter vert noko reduserte og lakka i grå høgglans for å dei til å harmonere mest mogleg med vindusflatene.

INNSTILLING

1. Askvoll sokneråd vedtek dei justerte teikningane for endring av takkonstruksjonen på Kvammen kapell, og startar opp tilbodskonkurranse for å realisere prosjektet så snart godkjenning ligg føre.

SAMRØYSTES VEDTAK

1. Askvoll sokneråd vedtek dei justerte teikningane for endring av takkonstruksjonen på Kvammen kapell, og startar opp tilbodskonkurranse for å realisere prosjektet så snart godkjenning ligg føre.

SR 2016/23 Medarbeidarsamling

MØTEHANDSAMING

Saka vart lagt fram i møtet, og er ikkje utgreidd.

SAMRØYSTES VEDTAK

1. Askvoll sokneråd gir fullmakt til AU om å fastsetje program for medarbeidarsamling i haust.